



Harald Dag Jølle, forfatter og historikar ved Norsk Polarinstitutt, skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

# FRILUFTSLIV

## Dronninga i skogen



Forfattaren på tur langs den finsk-norske grensa. Foto: Stein P. Aasheim

### TUREN

Er på eventyr i grenseland, lengst nordaust i Noreg. Her som himmelen er høg og terrenget småkupert. Her som grensa mellom sjø og fjell er flytande, som folk har tala både samisk, finsk, russisk og norsk – og har ei historie som skil seg frå alt anna me er vane med i landet vårt.

Me starta i Finland, kryssa over til Noreg og er på veg mot russargrensa. Framfor oss ligg Neiden fjellstue. Lufta er kjølig og marssola på veg ned mellom dei stutte bjørketrea. Eg har gledd meg til ei seng innomhus etter kalde netter i telt, men har forrekn meg. Her er eit yrande kaos av bikkjer og hundekøyra-

rar, hjelparar, funksjonærar og veterinærar. Det blinkar i gule refleksvestar og blir snakka i walkietalkiar. Me har hamna midt i Finnmarksløpet. Folk ventar på neste spann inn, dei spekulerer i strategiar og reknar på minuttar. Under slike høve er det ikkje plass til nokre tilfeldige skituristar på veg til Pasvik.

Me rettar skituppene mot søraust og ei ny natt i telt. I det me forlét Neiden, slår det meg at dette må vere verdas lågastliggjande fjellstove, med sine knappe 50 meter over havoverflata. Men så er det heller ikkje noko typisk fjellområde me går i. Her er berre nokre kilometer ut til fjorden – og alt som ikkje er fjære, blir rekna for fjell langs kysten av Aust-Finnmark.

Det er langt mellom tilskodrane på den 1000 kilometer lange hundeløypa, så me lagar eit bål og tek jobben som sekundantar: «Heia, heia, heia – du er berre 43 minuttar bak Tunheim, men bikkjene hans såg noko slitne ut, så det er berre å stå på. Heia, heia ...»

Me tek lunsj på Rajapää. Her kan du sjå langt på gode dagar. Hav og fjell, fiskevatn og rype-terreng. Med sine 331 meter er Rajapää for ei kjempe å rekne i dette landskapet. Og det er her den norsk-finske riksgrensa tek ein kraftig sving mot sørvest, som du kanskje har sett på kartet, og syter for at Pasvik pressar seg inn som ein norsk kile mellom Finland og Russland.

Det er berre å ta farvel til det vide utsynet, for no skal me inn i

skogen – den verkeleg store skogen. Han som startar her i Sør-Varanger og held fram ubroten bortetter heile vegen til Stillehavet!

Teltlivet er over. Framfor oss ligg Finnmarkseiendommens hytter tett som hagl. Små, enkle stover, med open dør og tørr ved. Ingen luksus, men meir enn nok til å glede skilauparar som oss. Skiføret, derimot, er ikkje mykje å smile av. Her ligg snøen som han landa. Urørd av vind og mildvêr, slik at skia knapt møter motstand før dei treffer lyngen på bakken. Sjeldan har eg vore meir takksam for eit skuterspor.

Me når Følvannskoia. Det er kveld. Det susar i trea og sprakar på himmelen. På kort tid har me gått frå eit arktisk kystlandskap

til den djupe furuskogen – eller taigaen som dei kallar han på andre sida av russargrensa.

Turen nærmar seg slutten, men eventyret er ikkje over. Til lunsj neste dag kjem det folk hit til koia. Og det er ikkje kven som helst. Dronning Sonja er ute på ein privat skitur. Fjelldrønninga har òg søkt skogen. Ho tek matpausen saman med oss og pratar livleg om den fascinerande naturen. Me serverer henne kaffi. Ho er nysgjerrig på vår tur, våre opplevingar og vegen vidare. Praten går lett om ski og føre, om samar og kvenar, om polarheltar og kald krig ved russargrensa. Men drønninga er ikkje ute på nokon latmannstur. Når maten er eten og kaffien drukken, vil ho vidare – vidare inn i skogen.

## Film deg sjølv frå lufta

### NYTT TURUTSTYR

Det er ikkje mange fjelltoppar eller utkikkspunkt som blir vitja utan at mobilkameraet kjem til nytte. Resultatet ser du i dei sosiale media, der smilande friskusar legg ut bilete av seg sjølve med tekstar som «kan ikkje klage på føret ...» eller «glad eg slepp å sitje på kontoret i slikt vêr ...» No er det enkelt å løfte sjølveksponeringa endå eit hakk. Bok-

stavleg tala. For ein relativt billeg penge kan du kjøpe ein drone. Her kan du feste GoPro-kameraet og med ein fjernkontroll og ein ekstern skjerm kan du filme kameratane dine som susar ned fjellsida på ski.

No er det rett nok slik at droneflyging ikkje kan gjerast av kven som helst kor som helst. Med ein slik farkost er du formelt over i luftfarten, og då er det Luftfartstilsynet som styrer

regelboka. Du må ikkje vere for nær ein flyplass, naturleg nok, og det finst til dømes egne reglar om filmen skal nyttast i kommersiell samanheng.

Desse flygemaskinene med fire propellar finst i nær sagt alle prisklassar. Dei er imponerende stabile og forbausande lette å styre. Dei er utstyrde med GPS slik at dei mellom anna finn vegen heim om du misser kontrollen. Nokon har innebygde

kamera og kommuniserer med mobiltelefonen din.

For om lag 8000 kroner får du til dømes ein DJI Phantom 2 RTF V2.0. Den veg 1000 gram, har ei rekkjevidd på 1000 meter og kan halde seg i lufta i 25 minuttar på ei batterilading. Produsenten lovar at han kan nyttast i alt frå -10 til +50 grader. Me sest på YouTube!





# Polardyr på flyttefot

## FRÅ DYREVERDA

Moskusen på Dovre kjem som kjent frå Grønland. Dei første ti dyra vart henta hit av Adolf Hoel i 1932. Dei døydde ut, men frå 1947 til 1953 kom det 27 nye eksemplar av denne særeigne kjempa, med den forhistoriske utsjånaden. Og det er desse som er grunnstamma for dei om lag to hundre dyra som lever her i dag. Men Dovre er ikkje einaste staden der ein har freista å få polare dyr til å trivast i eit nytt habitat. Norske fangstmenn sette i 1920-åra ut moskus på Gurskøy utanfor Ålesund, utan særleg hell. På Svalbard gjekk det noko betre. Av dyra som kom dit i 1929, vart den siste etterkomaren observert 16. mai 1985. På Svalbard freista ein òg å få polarharen eller grønlandsharen til å trivast, utan nemneverdig suksess. Siste gong ein slik krabat vart sedd på øygruppa, var i 1963. Atskilleg betre, om ein kan uttrykkje seg slikt, gjekk det med reinsdyra som vart frakta til andre sida av jorda av norske kvalreiarar. Målet var å sikre friskt kjøt til kvalfangarane på Sør-Georgia. Og dei ti dyra som kom frå Valdres i 1910, og dei sju som vart henta frå Hardangervidda i 1925, takla tilhøva i Sørishavet godt. Stamma voks så kraftig at britiske styresmakter i 2012 vedtok å slakte ned heile den introduserte arten. Noreg tok ansvar for gamle synder og sende skarpskytarar frå Statens naturoppsyn, som i løpet av to sesongar skaut heile bestanden på 6600(!) reinsdyr.

Pingvinar, derimot, treivst ikkje like godt i framandt farvatn. Men det kunne ikkje Lands-



Kristian Rønneberg som pingvinpassar på Røst. Foto: Martin Helgesen

forbundet for Naturfredning vite, då dei i 1936 organiserte utsettjing av ni kongepingvinar på Røst i Lofoten og Gjesvær i Finnmark. To år seinare sende dei også gulltoppingvinar og bøylepingvinar nordover. I fleire år kom meldingar om pingvinobservasjonar langs kysten av Nord-Noreg, den siste visstnok så seint som i 1954. Ikkje alle var like fortrulege med

desse framande skapningane. I januar 1937 forvilla ein kongepingvin seg inn på ein gard i Gamvik. Han vart slått i hel av gardkjerringa, som var overtydd om at ho hadde fått besøk av eit utyske.

Kor om alt var. Ingen kom nokon gong så langt at dei flytta isbjørn til Antarktis. Det trur eg pingvinane skal vere svært glade for.



Frå den komande filmen om Jens Munk, *Nordvest-Expedition* av Ole Japp.

## Jens Munk (1579–1628)

### BIOGRAFIEN

Han er neppe langt framme i medvitet ditt når du tenkjer på norske polfararar, men Arendals tøffe son Jens Munk opplevde eventyr som knapt nokon andre. Som tolvåring drog han til sjøs. Han reiste til England og Portugal og busette seg i Brasil.

I 1609 fór han med den dansk-norske marinen til Novaja Semlja på ei ferd som enda i forlis. Kongen i København hadde polare ambisjonar på den tida, og året etter var Munk med for å finne Nordaustpassasjen til Asia. Vanskelig is stoppa forsøket, men Kristian IV såg òg vestover, og i 1619 gav han Munk oppgåva å leie ein ekspedisjon med to skip for å finne den nordvest-

lege snarvegen til Stillehavet.

Dei segla inn i Hudson Bay, som viste seg å vere ei blindgate. Skutene fraus fast, og vinteren enda i mareritt – eit drama du snart kan sjå i den danske storfilmen *Nordvest-Expedition*. Av dei 65 sjøfolka døydde 62 av skjorbuk.

4. juli 1620 skriv Munk sitt eige testament, men han kunne spart seg bryet. Saman med dei to andre overlevande greidde han å få laus den eine skuta frå isen, og etter 67 dramatiske døgn over Atlanterhavet skvulpar dei i land på Vestlandet, tannlause, fillete og med havarert rigg. Ein kunne tenkt seg at han hadde brukt opp tabbekvoten sin, men han heldt fram på spennande oppdrag i kongens teneste til han døydde i 1628.

## SITATET

«Tindebestigere deler stort sett fjell i 3 klasser. I den høyeste klasse, som forøvrig er meget sjelden, finnes det tinder som er vanskelige å komme opp på i det hele tatt.

Den annen klasse, som i grunnen er den alminneligste, omfatter tinder og fjell som det i hvert fall er vanskelig å komme opp på fra en eller annen kant.

Den tredje og laveste klasse dannes av de fjell som det overhode ikke er vanskelig å komme opp på – uansett hvor man går. Den tredje klasse har ingen interesse, og det er i grunnen ikke lett

å finne noen fornuftig forklaring på hvorfor slike fjell finnes i det hele tatt.»

Alf B. Bryn, *Tinder og banditter*, 1943



## Sjølvpålagde lidingar i grisgrendte strok



Det er fælt å seie det. Men eg er nok enkelt skrudd saman. Gje meg fjellet og eit hundespenn ...

STEIN P. AASHEIM